



Vestland fylkeskommune  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 BERGEN

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
21/17296	20/12704	Jannicke Ane Sem-Onarheim 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		26.03.2021

### **Høyringsuttale 2020/74003 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling**

Kommunestyret i Bjørnafjorden kommune handsama høyringsuttale til «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling» i møte 25.03.2021.

Vedtatt vert ettersendt når protokollen er godkjent.

#### **Bjørnafjorden kommune har følgjande uttale til planarbeidet:**

Satsingsområda er foreinlege med dei berekraftsmåla Bjørnafjorden kommune har lagt særleg vekt på for eigne planar i planperioden:

- berekraftsmål 13 (stoppe klimaendringane)
- berekraftsmål 11 (Berekraftige tettstader og lokalsamfunn),
- Berekraftsmål 9 (næring, innovasjon og infrastruktur).

Den regionale planen legger opp til samarbeid på tvers av kommunegrenser i regionen og opptar også berekraftsmål 17, som Bjørnafjorden kommune har vedtatt som sin arbeidsmetode.

Planen vil vere relevant for arbeidet med følgjande kommunale planar i perioden:

- Samfunnsdelen til kommuneplanen,
- kommunedelplan for klima, energi og miljø,
- Arealplan til kommuneplanen
- Temaplanar:
- Strategisk næringsplan for Bjørnafjorden kommune
- Landbruksplan for Bjørnafjorden kommune
- Grøn mobilitet og infrastruktur
- Strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Dokumentasjons- og utgreiingsarbeid for sektorplan kultur, idrett og friluftsliv

Det er ei målsetning at planen skal fungere som eit felles kunnskapsgrunnlag for fylkeskommunen og kommunane i fylket, og at kommunen kan lage eigne handlingsplanar. Administrasjonen ser det som positivt at planen legg opp til tilpassing til lokale løysingar tilpassa dei ulike delar av fylket og at fylkeskommunen skal fremme samarbeid.

Grunnlag for gode samarbeid er frivilligheit. Det er difor viktig at fylket ikkje nyttar verkemiddelet i pbl. § 8-5. Dette er ein forbodsheimel. Forbod fremmar ikkje nyskaping og innovasjon og kan vere direkte kontraproduktivt og hindre innovasjon. På møtet 19.02.2021 gav fylkeskommunen uttrykk for at heimelen i planen var nytta

feil. Administrasjonen er samd i denne vurderinga.

Det er viktig at fylket nyttar dei verkemidla dei har. Administrasjonen støttar ein tilnærming der samarbeid vert lønna gjennom økonomiske ordningar i staden for å pålegge samhandling.

I høyringa har fylket bedt om svar på følgjande spørsmål. Administrasjonen har gjort si vurdering av planen og tiltak, og svart på spørsmåla i det følgjande:

**1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?**

**Klimamål for grøn næringsutvikling.** I klima, miljø og energiplanen til kommunen skal ein arbeide med målsetning for eige klimaarbeid. Regional plan vil vere relevant i dette arbeidet.

**Mål om verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i hele fylket.** Det er positivt at fylket har fokus på regionen som heilskap framfor einskilde delar av regionen. Innhaldet i dette målet må likevel konkretiserast og få eit tydelegare innhald gjennom arbeidet med tiltak og handlingsplanar for å unngå interessekonfliktar mellom kommunane i regionen.

**Rettt areal til rett føremål til rett tid.** Bjørnafjorden kommune ser ikkje heilt kva som ligg i dette målet. I høyringsutkastet er det vist til retningslinjer med heimel i pbl. § 8-5. Heimelen er ein forbodsheimel og er ikkje nytta riktig. Kommunen støttar at dette verkemiddelet vert tatt ut av planen. Kommunen ser det som lite tenleg å nytte forbod som ein drivar for utvikling.

Bjørnafjorden kommune saknar noko som forpliktar fylket til konkrete aktivitetar som vil fremme målsetning. Fylkeskommunen si rolle som tilretteleggar må framhevast og kommuniserast tydeleg ut, slik at det ikkje vert lagt på kommunane å legge til rette for og drive fram utvikling i kvar sine «silolar». At fylket kan sjå moglegheiter på vegne av kommunen, og kople kommunar saman der disse kan få meirverdi av samarbeid for næringsutvikling, vil kunne vera ein katalysator for fleire interkommunale samarbeid som kan drive fram og auke satsinga på mellom anna grøn næringsutvikling.

Fylket får til dømes inn fleire søknader frå kommunane i tilskotsordninga: «Tilskot til innovasjon og næringsutvikling», og får slik ei naturleg oversikt over kva kommunane sjølv søker midlar til for å satse på innovasjon og næringsutvikling lokalt. Å ta ein brubyggar rolle her kan utløyse fleire spanande interkommunale samarbeid, kor til dømes prosjekt med lik profil, og som til dømes ikkje får tildelt midlar, kan vidareutviklast på tvers av kommunegrensar.

For å nå mål om å bli eit samlande fylke kan Vestland fylke med stor fordel formidla enda betre kva andre kommunar gjer, samt leggje meir til rette for kunnskapsdeling mellom kommunar

Dersom kommunane i Vestland skal få eigarskap til strategien må den opplevast som eit nyttig verktøy. D er det verdt å spørje om målsettinga er prega av for mange partnerskap. Partnerskap kan skape gode ringverknader utan så mykje byråkrati, men samstundes bør ein utforske om kanskje for mange partnerskap kan vere for omfattande, noko som igjen potensielt kan skape mindre saumlause ordningar og meir ineffektivitet?

Fylket bør her uansett ha ein tydeleg rolle som fasiliterer og leggje godt til rette for



kunnskapsdeling og kompetanseheving.

**2. Planen har tre satsinger: Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderende samfunn, Areal til næringsutvikling. Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veileigna for å nå måla?**

Bjørnafjorden kommune ser dei tre satsingsområda som føremålstenlege, men er usikker på korleis satsing på areal til næringsutvikling skal handtere interessekonfliktar mellom kommunar. Fylket har få verkemiddel til å løyse desse utfordringane.

**3. Er planen veileigna til å møte utfordringar knytt til korona-pandemien på jort og lengre sikt?**

Dersom planen skal leggja til rette for omstilling og vere open for radikal innovasjon, må den ikkje legge opp til bruk av forbodsheimlar, men i staden ha samarbeidsfokuset. Bjørnafjorden kommune opplever at planen har dette fokuset. Det manglar likevel konkret fokus på fylket sin rolle som brubyggar og spesifikke strukturar som er enkle og som gir rom for god kommunikasjonsflyt og samarbeid utan omfattande byråkrati.

**4. På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?**

Ein godt forankra plan vil gje kommunane eit felles grunnlag for kunnskapsbaserte val for å drive fram innovasjon og næringsutvikling saman med næringsliv, folkevalde, FoU miljø og andre eksterne aktørar. Planen kan vere eit verktøy for å mobilisere til eit kompetanseløft, samt vere med å legge til rette for eit meir heilskapleg strategisk arbeid med lokale handlingsplanar for å kunne møte lokalt næringsliv og ulike bransjar der dei er.

**5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?**

Dersom planen legg til rette for ein god og relevant oversikt/tilgang over verkemiddelbruk, kan god forankring av planen internt i det konkrete næringsarbeidet til kommunane gje rom for ein meir saumløys satsing. Til dømes fleire offentleg- private samarbeid, eller fleire interkommunale samarbeid.

**6. Spørsmål spesielt til offentlege verksemder:**

**Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle egne handlingsplanar?**

Kunnskapsgrunnlaget viser til utfordringar for heile fylket. Bjørnafjorden har ein stor marin næring og er positiv til at kunnskapsgrunnlaget for denne næringa skal styrkast i planperioden. Det er positivt at planen legger opp til å spare kommunane for utgreiingskostnader og at ein kan nytte felles kunnskapsgrunnlag. Både kommunar, næringsliv og FOU miljøet må nyttast i arbeidet med å finne dei rette spørsmåla som kunnskapsgrunnlaga skal gi svar på. Det er viktig at:

- kunnskapsgrunnlaget må vere relevant for alle delar av fylket – svare på lokale utfordringar i eit heilskapleg perspektiv.
- Målsetning med kunnskapsgrunnlaget må vere lokalt forankra. Det vert viktig å forankre bestillinga av slike kunnskapsgrunnlag lokalt for å sikre at grunnlaget gir svar på utfordringar som kommunen må løyse lokalt.

### 7. Andre vesentlege innspel til planen

Handlingsprogram 2021 legger opp til å etablere partnerskap og felles arenaer. Det er positivt. Kommunen meiner likevel det er viktig at:

- Organisering må ikkje vere for omfattande.
- Fylket må fasilitere gjennomføring og ikkje legge dette over på kommunane
- Økonomi: kostnaden ved slike fora må ikkje lempast over på kommunane.

### 8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?

- Gode kommunikasjonskanalar for å sikre:
  - God kommunikasjon
  - Kompetanseheving på tvers av siloar – lav terskel
- Fylket bør invitere kommunar som kan ha nytte av å samarbeide til samtaler om dette og legge til rette for økonomiske insentiv for samhandling.

### 9. Kven bør delta i det regionale samarbeidet for å nå måla, og korleis skal samarbeidet verte organisert?

Bjørnafjorden kommune meiner fylket bør ha fokus:

- på  forum for  kunnskapsdeling og inspirasjon, kompetanseheving, framfor byråkratiske tunge organiseringar.
- Brei deltaking frå lokalt næringsliv, kommunale næringsaktørar, folkevalde både frå fylket og kommune, FoU miljøet.

### 10. Andre vesentlege innspel til handlingsprogrammet for 2021:

#### Handlingsprogram 2022-2025

### 11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.

- Strategi for kompetanseheving og kunnskapsdeling på tvers av siloar, sektor, kommune og næringsliv.

### 12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?

Dette må en komme tilbake til i arbeidet som vert skissert i arbeidet med handlingsplan 2021.

### 13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnerskap for å nå måla i planen?

Bjørnafjorden kommune kan bidra i forankring av planen internt i eigen kommune og formidle måla i planen ut til lokalt næringsliv og andre relevante aktørar, til dømes gjennom arbeidet med å utvikle eigen lokal handlingsplan i samspel med lokalt næringsliv

### 14. Andre vesentlege innspel til arbeidet med handlingsprogrammet for 2022-2025

Dette må en komme tilbake til i arbeidet som vert skissert i arbeidet med handlingsplan 2022-2025.



Med vennleg helsing

Jannicke Ane Sem-Onarheim  
Plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*